

Kampen for dei små skulane – forsvar for det gamle eller kimen til det nye?

Dei små skulane i Norge er mange stader truga av nedlegging. Tunge trendar og politiske føringar har lenge gått dei imot. Samstundes er eit distriktsopprør i gang. Kan kampen for småskulane inspirera til nytenking og omlegging av norsk skulepolitikk på nasjonalt nivå?

TOM HETLAND

27. oktober 2020 var det jubel blant foreldre og elevar i Hognestad-krinsen i Time. Eit samrøystes kommunestyre – 27-0 – hadde vedteke at den tradisjonsrike skulen skulle drivast vidare. Politikarane overkøyra dermed kommuneadministrasjonen. I den nye skulebruksplanen vart det tilrådd at den minste skulen i kommunen, med i underkant av 100 elevar, skulle leggjast ned, og elevane overført til Bryne.

Avstanden mellom Hognestad og Bryne er ikkje stor, rundt 4 kilometer. Hognestad-elevane må til Bryne når dei skal begynna på ungdomsskulen, og det er uproblematisk for dei aller fleste. Men barneskulen har bygda slått tett ring om. Skulen er eit samlingspunkt for fleire aktivitetar, «navet i bygda», som det ofte blir sagt. Utan skulen fryktar mange at bygdefellesskapet vil gå i oppløysing.

Hognestad er ein krins med sterk identitet og dugnadsånd, og har fostra mange ressurssterke personar både i fortid og nåtid. Kampen for skulen vart effektivt organisert, med FAU og idrettslaget i nøkkelroller. Politikarane vart oppsøkte i partigruppene og inviterte på kveldsmat i idrettslaget sitt klubbhus.¹ Motekspertise vart mobilisert for å visa at det fanst gode alternative løysingar til nedlegging. Facebook-gruppe, medieoppslag og lesarbrev var med på å få budskapet ut.

Dei små forsvinn

Ikkje alle små skulekrinsar har hatt like stor suksess som Hognestad. Eit år tidlegare måtte folk på Undheim konstatere at fleirtalet i Time kommunestyre oversåg protestane deira og vedtok å flytta ungdomstrinnet over til Lye. På 2000-talet er også småskulane Eikeland og Lye blitt nedlagde.

Time kommune er på ingen måte eit særtilfelle. Både i Rogaland og i resten av landet går skulenedlegging og skulesentralisering sin gang i stort tempo. Sidan 1986 har halvparten av norske grunnskular stengt dørene. Skuleåret 2019/20 var det 2799 grunnskular i drift på landsbasis, 279 færre enn for ti år sidan. Berre ein av ti nedlagde offentlege skular vert erstatta av private tilbod.

Tal frå Utdanningsdirektoratet viser også at skulane stadig blir større. I 2019/20 var gjennomsnittleg elevtal per skule 227, 26 fleire enn for ti år sidan. 195 skular hadde meir enn 500 elevar (72 fleire på ti år), medan 792 skular hadde under 100 elevar, 236 færre enn i 2009/10. Med andre ord: kvar fjerde har forsvunne på ti år. På desse små skulane, som i si tid var så viktige for det norske utdannings- og folkedanningsprosjektet, går nå berre 6 prosent av norske grunnskuleelevar.²

Kvifor sentralisering?

Sentraliseringa i Norge – og ikkje minst synet på sentralisering – har gått i bølger. Dei første tiåra etter krigen var regional sentralisering ein del av Arbeidarpartiet sitt moderniseringsprosjekt, sjølv om dei aldri gjekk så langt som partifellane i Sverige i å avfolka bygdene. Så kom 1970-talet med grøn bølge og desentralisering, men på 1980-talet vart trua på at ein kunne styra utviklinga svekka, og sentraliseringskreftene fekk friare spelerom att. Situasjonen varierer frå region til region, men delar av distrikts-Norge er i dag meir utsette for fråflytting og forgubbing enn nokon gong.

Den demografiske utviklinga spelar i større grad på lag med sentraliseringa. Urbanisering og fråflytting frå distrikta har me hatt i alle år sidan krigen, men bygde-Norge har til ein viss grad kompensert for dette gjennom høgare fødselstal enn byane. Slik er det ikkje lenger, og det får alvorlege konsekvensar for dei mindre skulane. ³

Prognosane for elevtalet ved mange utkantskular er dystre. Og når nye vegar, bruer og tunnelar har gjort det lettare å argumentera for at det er forsvarleg å setja små menneske på skulebussen i staden for å driva ein liten og dyr skule, har det mange stader blitt freistande for kommunepolitikarar, rådmenn og skulesjefar å kasta ein grendeskule eller to ned i det grådige kommuneøkonomiske gapet.

Av og til blir dei harde økonomiske argumenta gitt ei mjukare overbygning av påstandar om at større skular gir betre læring og eit meir mangfaldig skulemiljø, slik at det blir lettare å finna seg vener. Men på dette området er konklusjonane frå forskarane på ingen måte eintydige.⁴ Og statistikk som viser betre resultat ved større skular i storbyar må sjåast i samheng med at det ved desse skulane er eit større innslag av akademkarforeldre, som gjerne både har større ambisjonar for skuleprestasjonane til barna sine, og betre evne til å hjelpa dei på veg.

Haldningane i lokalsamfunnet kan òg spela ei viktig rolle. Eit forskingsprosjekt for nokre år sidan tok for seg Sogn og Fjordane, som utmerkar seg med skuleresultat på nivå med Oslo-området, trass i at utdanningsnivået i det tidlegare fylket ikkje er spesielt høgt. Ein sentral observasjon var at skulen i Sogn og Fjordane tradisjonelt har hatt høg status og har vore tett integrert i lokalmiljøet og den lokale kulturen. Det påverkar også skuleprestasjonane i positiv retning.⁵

Skulepolitikk for dei store

Nedlegginga av småskular er likevel også eit resultat av den nasjonale skulepolitikken som er ført dei siste åra. Det vil truleg vera for konspiratorisk å seia at sanering av skulestrukturen har vore eit mål for denne politikken, men det har like fullt vore ein biverknad av tiltak som har sikta mot å heva den faglege kvaliteten i norsk skule.

Etter det såkalla Pisa-sjokket tidleg på 2000-talet har det vore eit viktig mål for skiftande regjeringar å forbetra skuleprestasjonane til norske elevar på internasjonale rangeringar. Og særleg Høgre har meint at ein nøkkel til å nå dette målet har vore fagleg sterkare lærarar.⁶ Lærarutdanninga er utvida til fem år og masteroppgåve, det krevst minst karakter 4 i matematikk frå vidaregåande for å koma inn på lærarstudiet, og alle som underviser i matematikk, engelsk og norsk skal ha ekstra fordjuping i desse faga.

Om dette er rett medisin, skal eg ikkje diskutera her, men det er i alle fall eit faktum at lærarstudiet framleis slit med svak rekruttering, at mange lærarar går ut av yrket og at lærarmangel er eit alvorleg og aukande problem mange stader i landet. Det er også ganske innlysande at små utkantskular vil ha

vanskelegare for å oppfylle dei nasjonale krava til spesialisering når dei skal rekruttera lærarar. Aukande fysiske standardkrav til fasilitetar og spesialrom er også ein del av dette biletet.

«Sett på spissen har reformene ført til ei lærarutdanning som er laga for storbyane,» seier Peder Haug, professor i pedagogikk ved Høgskulen i Volda, til khrono.no.⁷

I tillegg har New Public Management-reformene i offentleg sektor påverka skulen, i form av fleire rapporteringskrav og dermed behov for meir administrasjon. På små og oversiktlege skular kan nok mykje av dette byråkratiet opplevast som unødvendig og irrelevant, men dei må likevel følgja opp med dei knappe leiarressursane dei har. Då Lone Lunde sa opp som rektor ved Hognestad skule like etter vedtaket om at skulen skulle drivast vidare, skulda ho på ingen måte på vantrivsel, men at det vart for hardt å stå aleine med presset som ei skuleleiarstilling krev i dag.⁸

Den siste reforma, som rett nok vart gjort av Stortinget i strid med ønsket frå regjeringa, er også eit døme på korleis gode pedagogiske intensjonar kan slå negativt ut for dei små skulane. Vedtaket frå 2017 om å innføra ei lærarnorm på maksimalt 16 elevar per lærar på 1.-4. trinn og 21 elevar på 5.-10.trinn skaper større etterspørsel etter lærarkrefter på dei store skulane i byane. Kampen for å rekruttera kvalifiserte lærarar til dei små skulane i distrikta blir endå tøffare, samstundes som den «smådriftsfordelen» desse skulane måtte ha gjennom mindre klassar og meir tid til den enkelte eleven, blir svekka.

Forsvar av det gamle eller nytenking?

Me ser altså korleis tunge demografiske og økonomiske trendar, i tillegg til skulepolitiske retningsval, til saman har ført til ein sterkare trussel mot dei små skulane. Samstundes er forsvaret av utdanningstilbod – alt frå grendeskular til høgskular – i høgaste grad ein del av distriktsopprøret som har vakse fram dei siste åra, og som har bygt opp store forventningar til ein ny og offensiv distriktspolitikk dersom det blir regjeringsskifte til hausten.

Å snu utviklinga er likevel ei uhyre krevjande oppgåve. Svaret ligg heller ikkje berre i meir pengar. Sannsynlegvis trengst det ein radikal, kritisk gjennomgang av heile fundamentet som norsk skulepolitikk har bygt på dei siste åra. Og det er ikkje nok å stritta imot og bremsa. Skal ein desentralisert skulestruktur – og eit desentralisert samfunn – ha livets rett i åra som kjem, må det skapast ein positiv visjon om eit alternativ som er betre enn stordrift, sentralisering og standardisering.

Nettavisen khrono.no fortalde nyleg om eit spennande eksperiment på nordlandskysten.⁹ Ein allianse av pedagogar, politikarar, aksjonistar og ein lokal oppdrettsmilliardær på øya Lovund har gått saman om eit prosjekt for å skapa det dei friskt og freidig kallar «den beste distriktsskulen i verda». Dei vil gi nytt liv til den nedlagde lærarskulen på Nesna og utdanna ein ny type lærarar som ikkje er smalt spesialiserte, men som er allrounderar både i skuleundervisning og i samhandling med lokalsamfunnet rundt, med næringsliv, arbeidsliv og kultur. Skjønt – ein kan jo lura på kor ny denne læraren er – kanskje er det ei gjenskaping av den gamle bygdelæraren i 2020-versjon?

Kampen for dei små skulane har ofte preg av eit ønske om å forsvare det som har vore. Då kan det lett bli ein opphaldande strid som til slutt er dømd til å enda med nederlag. Men kvalitetane ved dei små skulane kan også brukast som utgangspunkt for å skapa noko nytt av det beste frå det gamle, ein skule som er nærare og friare, meir fleksibel og ubyråkratisk enn den departements- og direktoratsstyrte skulen me kjenner i dag. Får denne strategien i tillegg politisk oppbakking frå toppen, kan norsk skule – og ikkje berre i distrikta – gå spennande tider i møte.

Notar:

- 1) Artikkelforfatteren, som i si tid budde to år på Hognestad, var også litt delaktig i dette, då han var blant dei som heldt innlegg på kveldsmat-arrangementet.
- 2) <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/fakta-om-grunnskolen-2019-20/>

For ei god framstilling av skulens historiske rolle i folkedanninga, sjå Rune Slagstad: «De nasjonale strateger» Pax 1998, særleg s. 93-133.
- 3) <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/regfram>
- 4) Jf. desse eksempla:
<https://www.porten.no/artiklar/skulenedlegging-kan-bli-dyrt-pa-sikt/394420>
<https://brage.inn.no/inn-xmlui/handle/11250/133808>
<https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/stopp-store-klasser/forskning-og-fakta/stotte-i-forskningen/>
<https://www.dagbladet.no/kultur/barnet-kan-bli-ensomt-i-en-liten-klasse/61087655>
- 5) <https://utdanningsforskning.no/artikler/skolen-som-regionalt-prosjekt/>
- 6) <https://www.nettavisen.no/nyheter/regjeringen-krever-okt-kunnskap-hos-alle-larere/s/12-95-8492135>
<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/saksbehandling/larerkompetanse/>
- 7) https://khrono.no/professor--reformene-har-fort-til-ei-laerarutdanning-laga-for-storbyane/549311?utm_campaign=%3A+L%C3%A6rarutdanninga+laga+for+storbyane+%2F%2F+Vil+hindre+juks+med+overv%C3%A5kning+%2F%2F+av+13+s%C3%B8kere+unntatt+offentlighet&utm_source=Khrono+daglig&utm_medium=email&utm_content=header
- 8) <https://www.jbl.no/lone-slutter-som-rector-ved-hognestad-skule-jeg-har-kjent-pa-presset/s/5-103-565821?&session=047ad562-b7db-4b8e-82d3-64c96b204e2d&access=granted>
- 9) https://khrono.no/ein-dag-landa-lakse-milliardaerens-helikopter-i-hagen-den-neste-utdannings-revolusjonen-var-i-gang/547239?utm_campaign=%3A+Laksemilliard%C3%A6r+lagar+utdanning+i+nord+%2F%2F+Professor+d%C3%B8mt+for+bedrageri+%2F%2F+Trosser+regjeringens+strengere+regler&utm_source=Khrono+daglig&utm_medium=email&utm_content=header